

## Svar på spørsmål frå Merkesdal (Ap) - Trafikksikkerheit for mjuke trafikantar på Fv. 5182

Representanten Linda Merkesdal (AP) har 22. april 2021 stilt følgjande spørsmål i samband med møtet i hovudutvalet 27. april:

I området Birkeland, Liland og Blomsterdalen i Bergen er det mye tungtrafikk. Lønningsveien/Flyplassveien var opprinnelig tiltenkt som vei til industriområdene.

Fylkesvei 5182 er i tillegg til en overbelastet vei benyttes også fortau og overgangsfelt av 4 barnehager og 2 skoler i, og rundt rundkjøringen i Blomsterdalen. Så vidt vi forstår så velger næringstrafikken å kjøre igjennom Blomsterdalen fordi det er en del kø fra Kokstad krysset ned til Birkelandskrysset.

Hvordan vurderer fylkesrådmannen trafikksikkerheten på veien for myke trafikanter, og hvilke tiltak er det mulig å iverksette for å hindre uheldige trafikale hendelser i området?

### Svar frå fylkesdirektøren

#### **Kort om fylkesvegen**

På strekninga fv. 5182 Fleslandsvegen mellom krysset med Lilandsvegen og krysset (rundkjøringa) ved Lønningsvegen/Espehaugen er det i dag ei trafikkmengde på 6500 køyretøy per døger (kjt/d) med 8 % tungbil. Fartsgrensa er 50 km/t - det gjeld alle vegane i rundkjøringa i Blomsterdalen. Siste fartsmåling frå 2016 viser eit normalt fartsnivå for ein slik strekning. Det er busstilbod på strekninga som blir trafikkert av linje 57 (15 min. frekvens) og skulerute. Vedteken sykkelstrategi for Bergen 2022-2030 viser at strekket inngår i det øvrige definerte sykkelnettet. Etter 1. januar 2010 er det på strekninga registrert tre bilulykker med personskade (ulykke ved forbikøring 2011, påkøring bakfrå 2012, kryssulykke 2012).

#### **Tilrettelegging for mjuke trafikantar**

I det aktuelle området er det tilrettelagt og blir tilrettelagt tilbod til mjuke trafikantar. Langs Fleslandsvegen er det ein-sidig tilbod med gang- og sykkelveg skilt med rabatt frå køyrevegen langs vestsida av Fleslandsvegen. Gjennom prosjektet med ny gang- og sykkelveg langs Hjellestadvegen vil områda langs austsida av Fleslandsvegen også kunne få eit styrka tilbod. I sjølve rundkjøringa i Blomsterdalen er det gangfelt i alle dei fire armene. I krysset mellom Fleslandsvegen og Lilandsvegen er det i seinare år etablert fysisk fartsdemping med heva gangfelt og forsterka veglys.

Det har vore fremja ønske om gangfelt ved busshaldeplassen nær avkøyrsla til nr. 8-40. Det er ved fleire høve gjennomført registreringar av m.a. kryssingsaktivitet her, men det har vore for få kryssande til å oppfylle kriteria i Statens vegvesen si handbok V127 om kryssingsstader for gåande. Ein ønskjer primært ikkje å etablere gangfelt når desse kriteria ikkje er oppfylt.

#### **Fylkesdirektøren si vurdering**

Fylkesdirektøren vurderer at omsynet til mjuke trafikantar er godt tatt i vare på den aktuelle strekninga, også sett i lys av eksisterande behov for trafikksikring og tilrettelegging langs fylkesveg andre stader i Bergen. Det er dermed i dagens situasjon ikkje planar om eller prioritert ytterlegare trafikksikringstiltak her. Det kan likevel vere aktuelt å gjere ei ny vurdering rundt kryssingspunktet ved nr. 8-40 etter at prosjektet på Hjellestadvegen er opna for trafikk.